



**Medlemer i Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet for Myking skule.**

Til stades	Medlem Samarbeidsutvalet.	Til stades	Vara medlem (møter berre etter nærmere avtale).
x	Berit Bruvoll		Ida Nordahl
	Eva Abelsen		Remi Rognaldsen
x	Janne Kari Eknes		Bjørghild O. Spjell
x	Margunn Dale Skauge		Reidun B. Skauge
x	Vetlemøy Wergeland		Irene Hodneland
x	Torill Myhre		Nina Hodneland
x	Nils Kvalvågnes		Kristine Lunde
	<b>Elevrådet:</b>		
	Magnus Holsen	x	Razvan Popovici
x	Leni R. Matre		Ina A. Vabø
	<b>Medlem Skulemiljøutvalet</b>		
x	Steinar Kleiven		Ørjan Tvedt
x	Martine H. Mæhle		Andre Kleiven

**Referat frå felles møte for Samarbeidsutvalet og Skulemiljøutvalet ved Myking skule.**

Tysdag 1. desember 2015. kl. 18.00 - kl. rom 1

Då sakene i Samarbeidsutvalet for det meste fell saman med Skulemiljøutvalet sitt interesseområde kallar ein inn til møte for begge utvala samla. Vedtaka som vert gjort vert merka som vedtak i dei respektive utvala.

**SAKER**

**1. Meldingar/referatsaker.**

**Referat frå elevrådsmøte:**

Razvan og Martine orienterte om saker elevrådet har arbeidd med sidan sist: M.a. sal av julekaker til inntekt for eit godt føremål som ikkje er bestemt enno, men at inntektene skal gå til flyktningebarn. Skuleruta for neste skuleår der elevrådet ikkje hadde merknader til framlegg. Vernerunden 2015 og Handlingsplan HMT, framlegg til etablering av kommunalt foreldreutval. Arbeid med revisjon av skulen sine trivsels- og ordensreglar der elevrådet besøkjer klassane og hører kva elevane meiner om desse. Elevundersøkinga i haust.



### **Referat frå foreldreråds og FAU-møte.**

Leiar i FAU orienterte om saker FAU har arbeidd med sidan sist møte i SU/SKMU: Gode tilbakemeldingar etter filmkvelden 29. oktober. Ønskje om betre informasjon om kva som skjer på skulen. T.d. at det vert oppretta Facebooksider der foreldra kan mælda seg på for informasjonsutveksling. FAU oppmodar til meir aktivitet i skulen og at faga vert meir praktisk retta. Arbeidet med leksefri skule går vidare. FAU ønskjer at leksene er tilpassa kvar elev og at mengda reduserast til fordel for kvalitet. Også ønskje om meir variasjon i leksene. FAU arbeider vidare med saka. FAU har fokus på mobbing og har skrive brev og hatt møte med skulen om eit mobbefritt miljø. Arbeid med innspel til revisjon av skulen sine trivsels og ordensreglar, der FAU ma ønskjer teikningar som illustrerer slik at alle forstår innhaldet uansett alder.

### **Skulegudstenester-info frå UDIR og tilbakemelding frå FAU:**

Utdanningsdirektoratet har oppdatert tilrådingar rundt avvikling av skulegudstenester. Desse skal vera frivillige å delta på og dei som ikkje ønskjer å delta skal få eit likeverdig tilbod på skulen. Sjå elles info på UDIR sine sider.

### **Brukundersøkingane for elevar, foreldre og lærarar – svarprosent.**

Svarprosenten så langt er 48% for elevane, 50% for lærarane og 9% for foreldra. Fristen for elevane og lærarane var ut november men er forlenga. For foreldra er fristen alle er 19. desember .

### **Tilbakemelding frå «Lekeplasskontrollen»**

Rapporten etter tilsyn av leikeapparata syner ingen A-feil (fare for liv og helse), men ein B-feil (fare for skade) og ein del mindrefeil, - m.a. knytt til manglande vedlikehald. Rapporten er oversendt eigedomsavdelinga for vidare oppfølging.

### **Tilbakemelding etter branntilsyn 10.11.15:**

Skulen har ikkje motteke rapporten enno, men det vart ikkje påpeikt manglar ved branngryggleiken.

### **Juleavslutninga:**

Julefestane på skulen vert torsdag 17. desember, - klokka 12 for «Matstovegjester» og klokka 18 for elevane og foreldra. Grunna plassmangel vert ikkje andre inviterte denne gongen. Siste skuledag er måndag 21. Elevane sluttar etter 4. time ifg skuleruta. Skulebussen går truleg klokka 12.



## **2. Høyring - framlegg til forskrift om ferie- og fridagar i skule og barnehage 2016-2017**

Opplæringslova §2-2 og forskrift til opplæringslova §1-6 gjev rammer for omfanget av opplæringa og dagleg skuletid. Forskrifta skal vera tilpassa avviklinga av nasjonale prøvar. Opplæringa skal strekkja seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skuleåret. Undervisninga skal i regelen ikkje ta til før kl.08.00 eller slutte etter kl.15.30. Undervisninga kan organiserast i undervisningsblokker av ulik lengd. I tillegg til elevane sine skuledagar kjem ei ramme på 6 planleggingsdagar for pedagogisk personale. Barnehagane og SFO skal setja av 5 dagar til planlegging og samarbeid for personalet.

Rådmannen sitt framlegg byggjer på vedteken skule- og barnehagerute for Bergen kommune og er gjort i samarbeid med dei andre Nordhordlands kommunane. I forhold til Bergen si skulerute, er følgjande endringar gjort

- Den elevfrie dagen 12. september 2016 går ut
- Elevfri dag vert i staden lagt til 23. juni 2017

### **Høyringsframlegg til forskrift for ferie- og fridagar for 2016-2017:**

- SFO-start (11 mndr) 1.august 2016
- Start av barnehageåret 15.august 2016
- Første dag for nye barn i barnehage 17.august 2016
- Skulestart for elevane 18.august 2016
- Haustferie veke 41 2016
- Juleferie frå og med 21.desember 2016 til og med 1.januar 2017
- Winterferie veke 9 2017
- Påskeferie veke 15 2017
- Skuleslutt 22.juni 2017

### **Elevfri og stengde dagar i SFO og barnehagar:**

15.august, 16.august, 11.november, 3.februar og 26.mai.

### **3. Sist dag før jul og sommar**

I Lindås kommune har det vore ein tradisjon at skulane siste dag før jul og sommar har slutta etter 4.time eller slik at det høver med samordning av skuleskyss. Avkorta dag før jul og sommar har vore ein kompensasjon for kveldsarrangement (ikkje obligatorisk undervisning) gjennom skuleåret.

### **4. Høyringa**

Høyringspartar til framlegg for skuleruta for Lindås kommune er offentlege og private grunnskular og barnehagar, organisasjonane og rådsorgan representert ved FAU og SU.

Andre som ønskjer å uttala seg kan også senda svar på høyringa.  
Høyringsutkastet er å finna på kommunen si heimeside

Uttale kan sendast til [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

Merk uttalen med: Høyring – skulerute for Lindås kommune 2016-2017



VEDTAK:

*Samarbeidsutvalet/Skulemiljøutvalet ved Myking skule har ikke merknadar til skuledagar for elevane, men meiner det er ulogisk at siste skuledagen for elevane før jul og sommarferien sluttar av to timer før den oppsette skuleskyssen går, og skulane difor må leiga inn ekstra skuleskyss om elevane ikkje skal måtta venta i to timer på skulebussen. SU/SKMU bed difor om at skuleskyssen vert synkronisert med skuleslutt desse dagane.*

### **3. Handlingsplan 2015 helse-, miljø og tryggleik.**

Framlegget til handlingsplan vart lagt fram i møtet.

Skulen gjennomførte vernerunde 29. oktober. Deltakarar var verneombod, elevrådsleiar, HMT-koordinator i kommunen, repr. frå eigedomsavdelinga samt rektor. Med bakgrunn i denne har rektor utarbeidd framlegg til revidert handlingsplan HMT-2014. Framlegget har vore til handsaming i elevrådet og hjå personalet. Skulen har ingen pålegg etter tilsyn og er godkjent etter forskrift om miljøretta helsevern.

Vedtak:

*SU/SKMU godkjende framlegget til handlingsplan HMT for 2015-16.*

### **4. Høyring – kommunalt foreldreutval.**

Etablering av kommunalt foreldreutval for barnehage og grunnskule var til handsaming i Levekårsutvalet – 10.11.2015, og vedteke sendt ut på høyring.

Høyringa vert sendt til kommunale og private skular og barnehagar i kommunen, ber om at skulane vidaresender til SU.

Framlegget har vore til høyring i skulen sine organ, - som ikkje har kome med merknadar til framlegget.

Vedtak:

*SU/SKMU ser det som positivt at det vert oppretta eit samarbeidsorgan på kommunenivå, men meiner at alle skulane må bli invitert med deltagarar. Dei ulike krinsane kan ha ulike utfordringar og prioriteringar for sine barne og ungdomsmiljø. Eit slikt fellesorgan skal vera eit forum for drøfting og innspele, men kan ikkje overta roller og rettar som skulane sine eigne råd og utval har etter opplæringslova.*

### **5. Evt.**



**Orientering om LINK. Ein nettstad for utvikling av trygge barn.**

Rektor orienterte om nettstaden «linktilllivet.no»: Skulen arbeider heile tida med å bli betre på å skapa eit trygt og godt skolemiljø for barna. LINK er eit nettbasert program for utvikling av sosial kompetanse som me har fått anbefalt <http://linktilllivet.no/>. Her finn ein mykje godt stoff om utvikling av barns sjølvbilde, sjølvkjensle og empati.

Myking skule 07.12.2015

Nils Kvalvågnes  
Ref.

Kopi: Einingsleiar

